

KOMMISJONSVEDTAK**av 17. oktober 1996****om gjennomføring av artikkel 2 i rådsdirektiv 77/311/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om lydnivået ved ørene til førere av jordbruks- eller skogbrukstraktorer med hjul(*)**

(96/627/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 77/311/EØF av 29. mars 1977 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om lydnivået ved ørene til førere av jordbruks- eller skogbrukstraktorer med hjul⁽¹⁾, særleg artikkel 2,med tilvising til rådsdirektiv 74/150/EØF av 4. mars 1974 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om typegodkjenning av jordbruks- og skogbrukstraktorer med hjul⁽²⁾, særleg artikkel 13, og

ut frå desse synsmåtane:

Det må fastsetjast når den overgangsperioden som er fastsett i direktiv 77/311/EØF, skal gå ut, slik at grensene for lydnivået ved øyra til føraren i artikkel 2 nr. 1 i direktivet kan ta til å gjelde.

Eit slikt initiativ er naudsynt for å skape faste og pålitelege rammereglar og for å sikre at dei same grensene for lydnivå vert nytta på ein einsarta måte i alle medlemsstatane.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for tilpassing til den tekniske utviklinga av direktiv om fjerning av tekniske handelshindringar på området jordbruks- og skogbrukstraktorar —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Den overgangsperioden som er nemnd i artikkel 2 nr. 1 og 2 i direktiv 77/311/EØF, går ut 1. oktober 1999.

Artikkel 2

Medlemsstatane skal innan 30. september 1999 vedta dei føresegnene som er naudsynte for å rette seg etter dette vedtaket. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 17. oktober 1996.

For Kommisjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFTL 282 av 1.11.1996, s. 72, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 1/1999 av 29. januar 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(¹) TEF nr. L 105 av 28.4.1977, s. 2.

(²) TEF nr. L 84 av 28.3.1974, s. 10.